

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39.

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Velfjord

Emne: Høgtidsmat ved familie =
festær

Bygdelag:

Oppskr. av:

Knut Strømpdal.

Gard:

(adresse):

Storbørja .

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fleire heimelsmenn .

SVAR

A. Fødselen .

1. Det har frå gamalt vere skikk , at nabo-
koner og ~~no~~ nære pårørande kom med mat til barsel-
kona . Det var helst dei nabokenene som budde ne-
rast som kom med mat og så slike som kom av omsyn
til venskap . Slegtningar kunne koma om dei budde
noko lengre ifrå , men langveges var det meire
skjeldan nokon kom .

Den gamle skikken å gå med barselmat er enne
brukt . Kanskje det ikkje er fullt så mange som går
no .

2. Det har alltid vere regelen , at dei kom
einskildvis. Det gjer dei framleis . I grupper
går dei aldri , kanskje sume tider kan eit par koner
samsnakke seg om å gå samstundes , men det er eit
sersyn.

3. Gjekk to koner samstundes hadde dei sam-
snakka seg om kva dei skulle ha med . Elles var
det inga samråding om det .

4. Noken viss dag har dei ikkje hatt det
eg har høyrte . Det vart etter som det høvde både
før den eine og den andre. Dei byrja ikkje gå før

barselkøna var komen opp etter lega .

5. Dei gjekk med barselmat berre ein gong i kvart einskilt tilfelle.

6. I gamal tid var det graut , helst rømme-graut. Eg har ikkje høyrte om at dei bar annan mat i den tida. Det vil segja dei kunne ha med godbrød av ymse slag, men det var grauten som var sjølve barselmaten . Etter siste hundradårskiftet tok fleire og fleire til å koma med annan gjestebuds-kost og ikkje graut . Noko kunne det vel koma av at folk ikkje held grauten så gjæv som dei hadde halde han før før, Og så var det ei omlegning av jordbruket i denne tida , så folk tykte dei ha mindre råd til å bruka så mykje rømme . Ei og anna køna brukar framleis rømmegraut til barselmat , men blautkaker av ymse slag er og mykje i vinden med slikt som lefse og kveitebrødstenger til .

7. Her går dei med barselmat berre ein gong .

8. Kva slegs kar dei sende grauten i i gamal tid har eg ikkje høyrte så nøyaktig oppgjeve . Truleg var det ei pørselensskål om dei hadde . Til å bera maten i hadde dei kyrkjematlaupen. Denne var som regel blåmåla . Skåla med låket på vart inn-pakka i handkle eller liknande både før å stå stø-are i laupen og før å halda seg betre varm. No brukar dei mest ei eller anna slags korg som dei sett koppene med mat ned i .

9. Gamalt var det grauten som var hovud-retten og det heile var kalla barselgraut. No segjar dei til vanlegt ikkje barselgraut med barselmat . Ordet er før så vidt ikkje nytt , dei

sa ved ymse høve barselmat då og . Graut og då serleg rømmegraut var vel det som framom anna vart rekna for mat .

10. I Velfjord var det altiå kona sjølv som gjekk med barselmaten , var ho sjuk kunne ho som var husmor istaden for henne gå , men det var skjeldan .

11. Mannen brukte ikkje vera med når barselmat vart bære . Det kunne då einast vere om føre eller andre tilhøve gjorde , at han laut vera med for å bera. Slikt kunne henda med dei vegane ein her hadde . At det vart rekna for å vera usømelegt at mannen var med trur eg ikkje, det var berre liksom neke som ikkje vedkom mennene. Hadde dei berre minste anelse om vitjinga, så var eg mannen på barselgarden gått ein eller annan stad , så han ikkje var å få tak i medan vitjinga stod på .

12. Sendingsfolket skulle altid ha traktering på barselgarden Det var vanleg gjestebudskost : Lefse , ymse slag kaker med pålegg av gumbe , ost og anna . Og så kaffe . No er det vanlegt, at det skal smakast på sendingsmaten og.Den som ber lyt ha det i tankane når lagar til sendinga , så han lagar til så det bli nok . Om det er nekon skildnad anten den nyfødde er gut eller gjente har eg ikkje høyrte .

13. Neke anna namn enn barselmat har eg ikkje høyrte .

14. Som ovanfor nemnt fekk sendingsfolka traktering på barselgarden .

15 . Det var helst til gifte mødre dei gjekk med sendingsmat, det var mest stas med dei .

Det var einast sers gode veninner og nere slektningar som kunne bera barselgraut til ei som ikkje var gift . Å få ein lausingsunge dei kalla var halden for å vera ei slik skamm at vener og kjenningar minst mogleg vilde late seg merke med , at dei visste at barnet var der .

16. Som alt før nemnt er det ikkje heilt slutt med skikken å senda barselgraut til ei som har ligge på seng, berre har dei lefse og finare småbrød attåt . I nitiåra tok det visstnok til å minke på tallet av dei som gav barselmat. Men etter 1900 tok dei etterkvart til å bruka anna barselmat enn graut. Og litt etterkvart tok det atter til å auka med talet av dei som gav. Og no går dei med barselmat til ugifte mødre og . Blautkake er visst det mest vanlege for dei som ikkje bruker graut til sendingsmat. Blomster er lite brukt i ~~desse~~ desse høva.

17. At konene hadde med noko gåva til den nyfødde var visst ikkje nokon fast skikk. Då var det oftare dei hadde med eitkvart til gåve første gongen dei såg til den nyfødde . Når dei kom med barselmat hadde dei i dei fka fleste høva vere og sett den nyfødde fleire gonger . Men dei kunne og ha med ei gåve til barnet og når dei kom med barselmat. Men så vidt eg kan skyna var ikkje det noko som hørde med til den faste skikken .

18. Det er likeeins no og . Det er ikkje nokon fast skikk at dei som ber barselmat og skal ha med ei gåve til barnet . Sume gjev andre og kanskje dei fleste gjev ikkje noko gåva til barnet.

19 . Det har frå gamalt ~~va~~ vera fast regel at ein skulle halda eit gilde etter at eit barn

5

var vorten døypt, vere til Kristnan ~~xx~~ som dei kalla det her . Dei fleste hadde lang veg til kyrkja så dåpsgildet vart halde hos ein kjenning som budde ner kyrkja . Då det på slike ferder ikkje ~~gø~~ gjekk an at alle husets folk fekk vera med , dei kunne ikkje vera heimanfrå så lenge alle , så ~~xxx~~ vart det tilskipa som ei lite fest for dei som heime hadde vere , når kyrkjefolket kom heim med det nydøypte barnet .

20. Dette dåpsgildet var kalla barsøl . Festen med same dei kom ut frå kyrkja var størst og var det eigentlege barsølet der det gamalt og skulle vera skjenk. Dei som var med i festen var først og fremst faddrane og dei av husets folk som var med. Og så var det dei som var med og rodde på barsølbåten , som oftast av neraste grannane . Elles var få bedne i fyrevegen , men til regel vart dei bedne inn alle kjenningane dei møtte ved kyrkja og det kunne vera mange . Det kunne vera mykje folk som fór til kyrkja i gamle dagar.

21. Til barsøl var det ~~ikkje~~ ikkje skikk med å koma med så mykje ~~kje~~ sendingar det eg har høyr. Det kunne vera at nokon av dei alra neraste ~~kx~~ kom med ein gømmest eller ~~nake~~ liknande . Men det var skikk at alle som var med i gildet gav barnet ei dåpsgåve . Som oftast var det pengar . Ein ungkar som vilde ~~xx~~ vera litt til kar gav slik ei tekrona kring 1900 talet . Skikken var at fadd^rare skulle gjeva mest og mannsfaddrane meire enn kvinnfolk=faddrane. Til gildet skulle det vera høgtids=

~~x22,xxs,fx,xxk,xxv,xx,xx,xx,xx~~ kost eller rettare gjestebudskost med lefse , gumbe . feit kjøtrulle

6
og anna, vafler var og vanleg, likeins gerå . Men
nøken viss mat som alltid skulle vera i barsølet
var det ikkje . Ofte var det dramm og i barsølet
men ikkje alltid . No er blautkake og andre søte
kaker kx kome til , så det ofte ikkje vert ete
anna enn severe .

22 . Fadrane gav som regel meir i fadder-
gåva enn dei andre gjestene . Elles var det vanleg,
at fadrane mintest borna dei hadde stått fadrar
til seinare og . Først etter barnet hadde vorte
konfirmert fall denne plikta for fadrane bort .

23. Det er framleis skikk at gjestene
gjev dåpsbarnet ei faddergåva i pengar . Men det
vert ikkje halde for å vera nøken plikt for fadrane
å gjeva meire enn andre .

B. Fødselsdag .

24. Gamalt var det meire skjeldan det var
neke større festlegheit med tilføre av fødseldagen.
Han vart berre minna om ved eit einskild matmål
som liksem var litt utanom det vanlege for kvardag
eller heilagdag . Det var likeins for både born
og vaksne . Ein liten rømmegraut i slike høve var
ikkje uvanleg . Men at nøken utanom vart beden var
visst eit serhende .

25. No er det vanleg at ferutan desse
små fødselsdagsgilde , så vert det halde ~~xxxxxx~~
større fødselsdagsgilde når ein rundar år med ti=
tall som t.d. 50, 60 o.s.b. Det vert ikkje gjort
for ein er femti år. Kør lenge det er sidan den
skikken er kome torer og ikkje segja . Til å
byrja med kør det berre folk som vart beden til
gildet . No går dei ubedne og , ein kan segja det
er vorten regelen. **NORSK ETNOLOGISK GRANSKING**

7

26. Som før nemnt var gebursdagen dei kalla meire som ei familjefest . Eg kan allvisst ikkje i 1890 åra minnest , at nokon utanom dei som hørde huset til vart beden til fødselsdagsfest . Ikkje heller har eg høyrte gamle folk fortelja om det .

Først etter hundraårskiftet tok folk ~~xxxxxxx~~ etter kvart til å beda grannar og kjenningar til festen . Nokon annan enn dei som vart bedne kom ikkje . Dei siste åra har det vorte noko forandring på det . Serleg når det gjeld fødselsdagar med runde tall , slik som femti, seksti og liknande . No er det ofte det kjem ubedne gjester før å ynskja til lukke med dagen . Som oftast bli dei då med på ei festleg samkome etterpå. Ja i fleire høve er ingen beden , dei kjem ubedne alle.

27. Med det var familjefester var det som regel ikkje skikk med noko gåva . Men etter andre kjenningar kjem er det vorten skikk at det skal gjevast ei fødselsdagsgåva. I så måte er det ikkje nokon skildnad på dei som er beden og dei som kjem ubeden. Serleg dei som kjem ubeden har attåt noko sendingsmat med . Blautkake er nokså i vinden . Det bli på den måten noko av eit innskotslag.

28. Truleg var rømmegrout det mest nytta til gebursdaggilde før i tida . Men nokon fast tradisjon kan ein ikkje segja det var .

29. Sjøkolade og blautkake med ljos på er vel no det mest vanlege, men ein har eg kaffe og andre kaker. Kringle er det ikkje å sjå i alle slike fester .

C. Konfirmasjon.

30. I gamal tid hadde dei visst ikkje neke eigentleg gilde konfirmasjonsdagen . Berre fekk dei eit neke betre matmål når dei kom frå kyrkja enn vanleg . Oftast var det sådd, kanskje med ein ekstra godbit til konfirmanten .

31. No er det vanleg med konfirmasjons=gilder. Ein kan segja det byrja i 1920 åra.

32 . Læraren og presten er dei visse , men dei kan sjølv sagt ikkje vera med i alle gilde dei vert bedne til . Elles er det grannar og kjen = ningar som vert bedne .

33. Det er visst sers skjeldan at nokon av gjestene har sending med .

34. Det er vanleg å gjeva gåver til konfirmanten . Det kan koma gåver frå slike som sjølv ikkje er med i gildet. Elles vert det halde taler og slikt.

35. Nokon tradisjonel matrett er det ikkje på desse gilda . Det er heller ikkje nokon skikk at ein skal kjøpa kakene ein skal bruka hos bakaren. I dei fleste tilfelle vert kakene baka heime . Ymse slag blautkaker er mykje nytta.

D. Bryllaup.

36. Festarøl (trulevingsgilde) ~~xxxx~~ er neke som har vore brukt frå gamal tid.

37. I gamal tid var det visst mykje øl eller skjenk det gjekk ut på . Det var grannefolk og kjenningar som vart bedne .

Ein kan segja det er likeins no , berre er det skjeldan med øl og dramm.

38. Det var vanleg før , at bryllaupet strekte seg over fleire dagar . Tre dagar var visst det mest vanlege , men det skulle vera dei ~~kyrkjagardene~~ bryllaupa som varde heile veka . Når bryllaupet vara i tre dagar ,så var det vanleg , at gjestene samla seg i bryllaupsgarden dagen før vigsla. Oftast vart det då ete berre to gonger i bryllaupsgarden den dagen . Dei andre dagane vart alle matmåla ete i bryllaupsgarden . Det var visst vanleg med kjøtsådd eller steik til middag etter dei kom frå kyrkja bryllaupsdagen . Dagen etter var det ofte køkt kveite til middag , og tredje ~~og~~ dagen kom bryllaupsgrauten . Dei andre måltida var det visst som regel tørrmat . Det vart ete fire gonger før dagen . Der dei helt ut med brillaupet heile veka hadde dei det truleg noko liknande med maten dei første dagane . Sidan kom det allvisst ofte ~~høke~~ på rak med matstellet. Det vart sett inn ~~na~~ mat og så fekk kvar eta når han tyktest . Køkt ~~na~~ mat vart lite tale om . Det var leik og dans og sjau det gjekk ut på. Øl var det rikeleg av i den tid . Lenger ned i tiden vart det skjenk. No er det mest berre kaffe og sjokolade, men så held aldri bryllaupa ut så lenge heller no. Tørrmaten som vart brukt skulle vera av beste slag ~~gjæstemat~~ gjestebudsmat . Det var finkake , grovkake (kake =brød), mjukt flatbrød , rylefsa , krinalefsa , vørterkake, sirupskake , Fløytevafler , vafler. smør , kvit geitost, raud geitost . flesk , rulla ,og meire til . Den mest tradisjonsrike maten i bryllaupa var bryllaupsgrauten. Det var snaut eit bryllaup før i tiden utan det var bryllaupsgraut . Han vart spela

8824

inn. Det stod ein spelemann på kvar sida av døra og spela medan grauten vart børe inn. Etter brurgrauten var eten vart det gjeve i ~~ix~~ benskåla , det vil segja gjestene gav brurfolka bryllaups = gåver . Noko anna fast program enn det eg her har nemnt har eg ikkje høyrte om .

No er det mest vanleg med bryllaup berre i ein dag , og så har dei steik til middag og risengryngraut til kvelds . Blautkake og kaffe har dei til millemål .

39. Kva slags sendingar det var i gamal tid minst ikkje folk ~~fr~~ no. I etti og niti åra tok bryllaupsgjestene sendingane med seg når dei gjekk til bryllaupet . Det var helst slektningar og av dei neraste grannane som hadde sending med . ~~Nk~~ Noko norm for kor stor sendinga skulle vera var det ikkje . Det kom noko an på kor god råd han hadde han som gav . Det var smør , ost , kvit og raud , gumbe , kjøtrulle og ymse slag småkaker og kanskje lefser som vart gjeve. Og så ikkje å gløyma mjølk og fløyte, som serleg dei neraste grannane kom med .

Skikken med sending helt seg nokså lenge, men er no å segja slutt .

40. At maten skulle pyntast på nokon sers måte har eg ikkje høyrte noko om .

41. At bemannen samla inn noko kjøt hende visst ikkje .

42. I den seinare tid hadde dei ikkje nokon serleg namn på sendingsmaten , dei sa berre dei hadde med litt mat om dei ikkje ville førsma å taka imot .

43. Gjevaren eller nokon av hans tok sendinga med når han gjekk i bryllaupet .

44. Det vart ikkje halde anna fest eller bryllaupet .

45 . Det var vanleg at dei som hadde sendt sending fekk med seg ein smakebit av bryllaups = kosten når dei gjekk heim etter bryllaupet var slutt.

46. Kona som styrde med matstellet var kalla husmor . Dei som hjelpte henne var kalla køkkar .

47. Det er slutt med at dei held bryllaup i fleire dagar no. Endå før femti år sidan var det bryllaup som varde i tre dagar . Tyve år etter var lengda av bryllaupet gått ned til to dagar . Etter 1940 veit eg ikkje om bryllaup som har vara lenger enn dagen .

48. Det hender dei held bryllaup på hotell no, men det er skjeldan. Det er smått med laglege hotellrom .

49. Det hender eg at truleva folk reiser til ~~kyrkja~~ ein eller annan by og vert vigde der.,men det er skjeldan . Det hender eg at dei vert vigde i heimekyrkja utan at dei held bryllaup etterpå .

50. Dei som ikkje held bryllaup får heller inga bryllaupsgåva .

51. Det mest vanlege er at det vert halde fest på årsdagen før bryllaupsdagen berre når det er runde tall.

E. Gravøl .

52. I gravøl vart naboane og slektningane beden og likeis slike som hadde vere omfram gode kjenningar av den avdøde . Dei som skipa til

12
gravølet bad anten gjestene muntlegt eller dei sende bud med andre.

53. Det vanlege var at dei samla seg i gravølgarden fram mot kvelden dagen før gravferda skulde gjerast, og så slutta gravølet om kvelden etter gravferda var gjort. Dei fekk mat to gonger dagen dei kom og tre gonger andre dagen .

54. Det vanlege var at gjestene fekk kaffe med same dei kom . Den fekk dei ved småbord og den fekk dei etterkvart dei kom , før alle kom ikkje samstundes . Så fekk dei kaffe og smør og brød og anna vanleg festkost som vart servert på eit langbord . Og så var det oftast risengryngaust til kveld servert på langberda . Om morgonen var det kaffe , serleg vyrde folk skulle ha den på senga . Så var det morgonmat av vanleg festkost servert på langberda . Før gravferda tok til vart det servert sjokolade på langberda . Etter gravølfolka kom attende var det først kaffe servert på småbord og sidan steik servert på langbord .

55. At det var mat som ikkje skulle nyttast har eg ikkje høyrte førtalt .

56. Eg har ikkje høyrte neke serskilt på neke måltid . Men sjokoladen var kalla avskjedsjokoladen. I gamal tid brukte dei truleg dramm då : Avskjedsskåla . Det eg her har nemnt om maten er frå 1890 åra.

57. Var det før liten plass i heimen laut dei leige seg inn hos ein granne som hadde større rom.

58. Gjестene hadde sendingane med når dei kom til gravølet .

59. At det skulle vera neke sers med pynting eller pakking av dei ymse matvarer ein sende har eg ikkje høyrte neke om .

60. Sendingane vart ikkje sende dagen i førevegen og det var ikkje neke gilde.

61. Så langt att i tida som folk ~~er~~ no minnest har det ikkje vere neken forskjell på maten anten den avdøde var gift eller ugift. Graut til kvelds dagen før gravferda var nokså vanleg før . No pla folk først å koma til gravferdsgården morgenen same dagen som gravferda skal vera . Graut er difor ein matrett som ikkje bli servert i gravøl lenger . Det einaste som skulle visa om avdøde var gift eller ikkje , det var lysa som skulle brenna på kista . Var avdøde gift var det to ~~ix~~ lys , var avdøde ugift var det berre eit lys .

62. Om gravølet vert halden i heimen til avdøde er skilnaden på før og no ikkje rett stor . Ein kan segja einaste skilnaden er at før brukte dei to dagar til gravølet medan dei no ~~vann~~ vanleg brukar berre ein dag . Det er dei betre framkomstmidlar som har gjort dette megelegt . I den alra siste tid er det slege inn på ein heilt ny måte å halda gravøl på. Dei ordnar seg med eit hotell og får mat der til gjestene . Oftast vert det då mat berre ein gong i heile gravølet .

63. Det er så lenge sidan det vart slutt med brygging av maltøl her i Velfjord , at det er ingen av dei som levar no som minnest neke til korleis det var i den tida då dei brygja maltøl, det er difor uråd med neke beinveges samanlikning mellom då og no . Likevel kan ein trykt segja , at det vart

14
drukke meire alkohol då enn no. Etter det var slutt med heimebrygging av maltøl var det ei tid då det var skikk å ha skjenk i gravøla etter det gamle folk har fortalt . Men den skikken eg er forlengst slutt . Det er no sers skjeldan det er sterke saker i gravøl . Den vanlege meining er , at sterkt ikkje høver seg i eit gravøl . Folk som ikkje har det minste imot sterkt i eit bryllaup finn det oftast upassande med skjenk i gravøl.

64. Gamaldags sending har halde seg lenger ved gravøl enn ved andre gjestebud , det er sikkert nok . Og grunnen er vel den at folk vilde vera med å vise den avdøde denne siste æra. Det kan kansje og noteres , at det dei siste åra har vorte sers vanleg å kjøpe og sende kjøpeskranse til gravferdene . Denne skikken har teke til i same mun som den gamle skikken med sending kom vekk . Dei brukte nok kransar før eg , men det var heimebunde kransar ~~ky~~ bunde av lyng og liknande .

Heime = ~~fix~~ brygging er det så lenge sidan slutt med at eg kan ikkje gjava noko opplysning meire om den .

65. Vert gravølet halde i heimen til avdøde er det vanleg at gjestene får kaffe med småkaker strakst dei kjem til gravferdsgarden . Og så bli det servert eit matmål tørrmat før gravferda tek til . Det er meire no av mat innkjøpt frå handelsmanen enn det var før , elles er matlista noko den same. Ymse slag pålegg er likevel nye . Nyss før gravferda skal taka til vert det drukke sjøkelade med småbrød av ymse slag attåt . Når ein kjem frå gravferda er det atter først kaffe.

Den vert iskjent strakst gravferdefolka kjem tilgards. Etterpå er det vanleg steik . Frå gamalt har det vere så, at det skulle helst vera sauekjøt . Det hender likevel no , at ein istaden før steik har fiskebollar eller fiskekaker i brun sause .xxii Like før gjestene skal gå heim kvar til seg vert det så traktert med kaffe og blautkake og småkaker.

66. Nøke slag alkohol vert ikkje nytta i gravøl .

67. Gravølmiddag vert aldri halde på på hotell. Det hender , at gravølfolket et på hotell, men ein sløyfer då middag og et berre tørrmat og drikk kaffe .

68. Ein kan segja det er ein tretti år sidan ein tok til å senda skriftleg innbeding til gravøla . Ein og annan gongen hende det nok før den tid og at det vart sendt ~~skriftleg~~ skriftleg innbeding. Elles vert gjestene ofte innbeden muntleg endå.

69. Å lysa dødsfalla i avisene er heller ny her. Og endå er det eit og anna dødsfallet som ikkje vert lyst i avisene.

F. Nye fester .

70. 17 mai er meir og meir vorte til ein høgtidsdag . Alle borna som berre kan koma seg iveg skal då til kyrkja og mange av dei eldre er med . Ingen annan høgtidsdag er det så mykje folk med kyrkja som då . Så er det barnetog og ~~tx~~ tog før dei vaksne med . Matskikken den dagen har i noen mun retta seg etter dette. Det er tillaga til høg=

tids . Morgenmaten vert ~~xxx~~ eten heller tidleg før at alle skal kunne gjera seg ferdig . Middagsmaten kjem noko seint , før den ikkje før folk kjem heim frå kyrkja . Lefse er vel den mest tradisjonelle maten 17 mai . Lefse 17 mai er det visst mest på kvar ein gard . Oftast er det krinalefse smurt med smør, sukker og kanel . Men den mest tradisjonelle maten 17 mai er likevel eggedosis , og det så mykje meir som den elles ikkje er rekna med på matsedelen før nokon annan høgtidsdag . Eggedosisen skulle etast etter folketøget var gått .

71. Det er ikkje så få som feirer morsdagen . Det kan vel vera ein ~~xxxxix~~ tjue år sidan ein tok til med det .

72. Det er fåare som feirer farsdagen enn dei som feirer morsdagen . Men ein og annan feirer farsdagen og .

73. Nokon bestemte retter før desse dagane har eg ikkje høyrte om . Eg veit det oftast vert bakt kveitebollar til desse dagane .

74. Her baker dei fleste kakene til seg sjølv . Berre kring sentret Hømmelstøa kjøper dei meire brød hos bakaren .

75. Dei fleste vart visst oppmerksame på dagane ved å lesa om dei i aviser og tidsskrivter . Ungdomslaga kan og ha gjort sitt til å spreida kjenskapen til dei . Børja ungdomslag t.d. har eit handskreve blad . Kvar år har dei hatt eit eige nummer før morsdagen . Dette før å nemna eit døme .